

Den vonde dansen

Det nærmar seg slutten av 1880-åra. Gunder Olsen Dovland ligg og tenker og kjenner etter. Snart 50 no. Det han har venta på om skulle kome i heile sitt vaksne liv, er kan hende kome. Sikker er det ikkje godt å vere, men han kjende det på heradstyremøtet i kveld, han totte folk glante, og han merka tydeleg at handskrifta ikkje var som før då han skulle signere papira. Skal ein vere sinna, skal ein grine, skal ein berre gi opp? Han veit ikkje riktig kva han tenker. Vil det ingen ende ta dette? Denne vonde sjuka som tykkest kome i ætt etter ætt på garden, heilt sidan Kjersti Ådnedotter, oldemora, blei gift til garden i 1783.

Ikkje det at ho kan lastast, sjølv sagt, men det var med henne rykka kom. Av dei fire borna hennar fekk tre sjuka, den skammelege Setesdalsrykka. Berre Gjertrud slapp. Mormor Gundbør slapp ikkje, ei heller Åshild og Siri. Alle laut dei kjenne på at rykka tok dei. Nokre fekk det tidlegare enn hine, men med dei alle bar det same vegen. Mormor Gundbør og mannen, syskenbarnet hennar Gunder, tok med garden rundt 1815. Åtte born fekk dei, men berre tre som vaks opp. Og av desse tre fekk både mama Kjersti og moster Gunhild sjuka. Berre eit års tid levde moster Gunhild etter at ho blei sjuk til ho døydde i barsel, uforløyst.

Mor, mormor og mormors mor, alle fekk dei det. Det rare er at nokre ser ut til å sleppe sjuka. Moster Ingbør på Røyland tottest ikkje ha det. Rett nok blei ho berre 50 år, men kjende visst ingen ting av rykka til den dag. Dei to jentene hennar er og friske, så langt, i alle fall. Og Gjertrud, syster til mormor som var gift med Gunder under fjellet på Myglebostad blei 72 år. Utan å kjenne noko. Og ingen av dei 7 borna har kjent noko. Gjertrud og borna slapp altså. Heldigvis!

Mormor Gundbør var fødd heime på Dovland i 1790, han minnest henne godt, han var 18 år då ho døydde. Frykteleg medtatt av rykka. Åshild var 3-4 år eldre, Gjertrud tre år yngre og yngstejenta Siri kom til i 1798. Der hadde vist vore to-tre til som døydde små. Gjertrud og etterkommarane ser altså ut til å vere friske. Han minnest Åshild og Siri. Inga tvil om at dei hadde rykka, men verst hadde kan hende mormor det.

Kva så med mor Kjersti sine syskenborn, borna til Åshild og Siri? Han tenker etter. Er det noko system? Er det nokre som alltid slepp? Liknar dei på einannan dei som slepp? Kan ein sjå på borna kven som kjem til å få det? Det einaste sikre er at har ein av foreldra rykka, så er det nokre born som likevel slepp unna medan nokre får det, og er begge foreldra utan rykka, så får ikkje borna rykka heller. Så mykje kan ein sjå utan å vere prest eller doktor.

Prest, ja. På 1820-talet hadde visst presten sagt frå talarstolen i kyrkja på Vegusdal at folk ikkje måtte gifte seg inn i rykkeslekter. Det må ha vore etterkommarane til oldemor Kjersti og bror hennar Salve Ådneson han meinte. På Belland var ei ny slekt komen då, etterkommarane etter Salve Ådneson budde andre stader. Men Der Oppe på Dovland, sjølv Rykkegarden hadde han i alle fall i tankane. Kan hende meinte han alle etterkommarane til tippoldefar Ådne på Belland? For det var nok frå Ådne rykka kom, han døydde i alle fall tidleg.

Kva hadde Ådne gjort? Kva hadde djevelen kasta på Ådne? Eller var det Gud som hadde straffa Ådne? Mest som då Gud sa til Kain at han skulle sette eit merke i andletet på etterkommarane hans. Forresten, Ådne døyde jo så ung. Berre vel 30 år gammal. Kunne det vere rykka så tidleg? Jau, det

kunne vel det. Nei, Ådne hadde nok rykka, og han hadde nok fått det anten frå mora eller faren, han som andre.

Han kjenner han blir arg på den der presten, han trengde ikkje seie det frå preikestolen, sjølv om det kan hende var noko i det han sa. Kan hende var det endåtil godt meint. Men born må ein ha for å føre slekta og garden vidare. Og ville han at rykkarane berre skulle gifte seg med rykkarar? Eller ville han at slekta der Oppe på Dovland skulle døy ut?

Dessutan, det finst då verre ting enn rykka. Stort sett blir ein 30-40-50 år før ein blir sjuk. Halvparten av folk blir ikkje eldre, uansett. Det er berre det at når fyrst rykka kjem, så er det så ille ein ende. Så uhjelpeleg. Så synleg. Så skammeleg. Og så nautesleg for andre å sjå ein rykkar som ikkje tykkest skjøne det sjølv. Kåte møyer som vil gifte seg og som sjanglar og vrir seg i rykkedansen, så ingen vil ha dei. Som folk ler av. Å så vondt det har vore mange gonger når folk flirar. Av oss, rykkeslektene.

Astri søv. Astri Pålsdotter frå Brubakken på Engesland som han har vore gift med i 20 år no. Ho var nett 50 år, to år eldre enn han som ho er. Far hennar, Pål, var frå Tveit sokn, medan mora Gjertrud Olsdotter var dotter til Ola Jacobsen, fødd på Dovland. Astrid var såleis syskenborn til mor Kjersti, men ingen av anane til Astri hadde rykka. Ho hadde gifta seg inn i rykkeslekta på Dovland. Syster til Astri hadde og gjort det, Ingbør Pålsdotter var gift med Tellei Gundersen Røyland, son til Åshild. Tellei hadde vore god til han var mange og femti. Men så stivna han til i kroppen. Han rykka ikkje, men var elles som ein rykkar. Ungdommen hadde moro med han, dei dulta han så han for over ende som ein stokk. Kor mange gonger han har falle av hesten, veit ingen. Stabukken. Han skjønar nok ikkje at han er sjuk. No er han 62 år og har vore sjuk i fem år, minst.

Stakkars Astri og stakkars Ingbør. Dei skulle gjort som presten sa. Han hadde trudd Tellei skulle ha klart seg når han var god til han var godt over 50. Eller hadde han kjent noko? Hadde Ingbør og Tellei halde det for seg sjølve at han hadde fått rykka? Dei vona vel i det lengste at det var noko anna.

Med tanken på Tellei Røyland kjem tankane tilbake til der han spora av; kva med mor Kjersti sine syskenborn, borna til Åshild og Siri? Åshild var fyrst gift med Gunder Nilsen frå der nede på Belland. Dei hadde to jenter, Kjersti og Gunhild. Begge klarte seg. Etter at Gunder døydde gifte ho seg opp att i 1812 med Gunder Thorson Røyland. Røyland var berre eit bruk på den tida, minnest han å ha høyr, det var der nede.

Han vil setje seg opp i senga, kjenner at det er vanskeleg. Armen keimar og vil ikkje heilt ta tak i sengekanten. Han let armen keime frå seg, og får tak. Han veit med seg sjølv, han har fått rykka. Han slapp altså ikkje. Enno er rykka Der Oppe på Dovland. Og Åshild tok rykka til Røyland.

Åshild gifte seg altså oppatt minnest han mama Kjersti fortalde medan ho endå var såpass at ho kunne. Mama fekk rykkingar då ho var om lag 45 år gammal, det må ha vore om lag 1864-1865. Nokre år seinare miste ho forstanden, og dei siste åra berre låg ho heilt hjelpelaus til sengs utan å kunne tale. Før rykkinga byrja blei ho forandra, ho blei mistenksam og hissig. Men før det, då han var liten og oppetter var mama Kjersti flink og ei glup kone for papa Olav Eilevson.

Gunder Thorson, som Åshild gifte seg oppatt med, var enkemann. Han hadde ei dotter frå dette ekteskapet, og saman med Åshild fekk han 9 born til. 6 av dei vaks opp. To av desse 6 er Gunder og Tellei Røyland. Gunder gift med moster Ingbør, og Tellei gift med syster til Astri. Gunder og Tellei

delte Røyland i to bruk i 1852. Gunder og Ingbør døydde for om lag 10 år sidan, begge friske. Dottera Åse har overtatt der Oppe på Røyland og har fem born mellom 13 og 20 år no.

Av dei 6 som vaks opp er dei tre yngste no sjuke av rykka. Tellei er blitt pinne stiv. Ingbør hadde rykka og gifte seg då ho var 41 med ein 22-åring til mykje spit frå folk. Snart miste ho forstanden heilt og ho døydde for fire år sidan, barnlaus. Åsmund, den yngste er 66 no og har vore sjuk i 15 år. Tellei har seks born og Åsmund 5. Det skal vel mykje til om alle desse slepp.

Så var det Siri, yngste syster til mormor og Åshild. Ho blei gift med odelsguten Ola Gundersen frå det øvre bruket i Austre Fidjeland, og i 1825 tok dei over garden der. 8 born fekk dei, men berre dei tre eldste og det nest yngste vaks opp, fire altså. Den yngste døydde av kreft då ho var 39 år, utan rykka. Dei tre eldste har alle fått rykka, Gunder, Mari og Ommund. Berre Ommund lever, Mari døydde i fjor. Gunder stakkar, hadde garden berre eit par år før han selde til lensmannen på nedrebruket. Gunder klagar over at han var så trøytt all støtt av kroppen som aldri ville vere i ro.

Gunder fekk eitt barn, Åse. Mari og Ommund fekk 6 born kvar. Åse fekk rykka då ho var 15 år og blei ikkje gift endå ho gjerne ville. Ho skjønnte ikkje at ho var sjuk, det kunne ein forstå på måten ho var på og måten ho prekte på. Av dei 12 borna Mari og Ommund til saman har, døydde to før dei var 20. Ti er att, me lyt tru det er mange av desse som slepp.

Gunder kjenner igjen armen som ikkje vil vere stille. Det ser ut til at når ein har rykka, så må ein rekne med at mange av borna får det og. Fem born har han, Kjersti, Gjertrud, Stor-Ola, Ingbør og Lille-Ola. Friske, raske born. Einaste er Ingbør, ho er veldig sein til å lære, men frisk og rask elles er ho. Kor gamle er dei? Han må tenke etter, tida går så fort. Kjersti er 22, Gjertrud er 20, Stor-Ola er 18, Ingbør er 15 og Lille-Ola er 13.

Kjersti blei gift for to år sidan Der Heime, med odelsguten Asmund Gundersen. Måtte ho berre vere frisk og få friske born, så ikkje dei får rykka Der Heime og! Og Gjertrud ser ut til å ha eit godt auge til Gunnar Jacobsen, guten frå Nygard dei tok til seg Der Vest etter at foreldra døydde. Flink gut, Gunnar Jacobsen, og tenksam. Skal tru kva han tenker om Gjertrud om han veit at eg har fått rykka? Då Asmund Gundersen gifte seg med Kjersti var eg enno heilt frisk. Kjersti og Asmund har ein gut no på rundt eitt år, lisle Gunder Asmundsen.

Gunder Olsen veit at han må rekne med at nokre av borna får rykka, og han veit at han kan håpe på at så mange som mulig slepp. I dette siste finn han ei slags trøyyst, og somnar.

Etterord. I dag veit me mykje meire om rykka, eller Huntingtons chorea, som det offisielle namnet er. I dag veit me at sjukdommen skuldast ein defekt på kromosom nr 4 og at denne defekten er dominant ved arv. Det vil seie at har ein av foreldra denne defekten, så er sjansen akkurat 50 % for at eit barn arvar defekten. I snitt vil altså halvparten av born der ein av foreldra har Huntingtons chorea også få det. På andre sida, borna til to som ikkje har defekten vil heller ikkje kunne få defekten med mindre han oppstår ved mutasjon, og denne sjansen er så liten at det er som sjansen for å få eit TV-apparat i hovudet på ein spasertur gjennom Markens.

Historia om den vonde dansen er bygd på sanning, alle fakta som Gunder Olsen brukar i sine tankar og fabuleringar er dokumenterbare ved å studere monografien *Setesdalsrykka* av Alf L. Ørbeck og Thordar Quelpud utgjeve av Det Norske Videnskapsakademi i 1954.

Historia elles er sjølv sagt berre fri fantasi, men det er rimeleg å tenke seg at Gunder Olsen både uroa seg mykje, ergra seg mykje og tenkte mykje på familiens vonde sjukdom og på framtida for seg og borna sine. Han visste at det var arv som gjorde at sjukdommen var i familien. Det han ikkje visste, og som monografien *Setesdalsrykka* dokumenterer, er at foreldre utan rykka ikkje kan få born med rykka. På den tida Gunder levde var den vanlege folkemeininga at rykka kunne hoppe over generasjonar for så og kome att. Det kan ho altså ikkje, og det måtte ha vore ein god ting for Gunder å ha visst sikkert. Kan hende ville det og vere ei trøyst for han å vite at akkurat den "rykkeslekt" han tilhørde, gjennom forskingsarbeidet *Setesdalsrykka*, blei svært viktig for seinare tiders kunnskap om sjukdommen.

Kvifor har eg kalla historia for den vonde dansen? Jau, delvis fordi Huntingtons chorea tyder Huntingtons dans på eit vis; chorea er namnet på dei keimande og buktande rørslene ein pasient med setesdalsrykka har, og chorea tyder dans (av gresk *khoreia*).

Kva som seinare hende med slektene på Dovland, er vel eigentleg no i store trekk opplagt. Der Oppe er me etterkomarar etter Gjertrud, som gifte seg med Gunder Jacobsen, og som levde til ho var 83 år gammal. Mynten landa altså på "rette sida" for Gjertrud. Der Heime er dei og friske, sjølv om Kjersti Gundersdatter fekk rykka, og døydde berre 31 år gammal. Men hennar eine barn som vaks opp, Gunnar Asmundson, som berre var to år i historia om Gunder Olsen, arva ikkje rykka. Mynten slo ned på "gale sida" for Kjersti, men på "rette sida" for Gunnar. Dermed er Huntingtons chorea borte frå Dovland no.

Men kva med dei hine tre borna til Gunder Olsen? Stor-Ola fekk rykka då han var om lag 35 år gammal, og døydde som ungar Der Oppe på Dovland i 1926, 55 år gammal. Om Stor-Ola står det: "De siste 2-3 år var rykningene meget sterke. Ekstremt avmagret. Mors subita (plutselig død)." To av sønene til Gjertrud, Kristian og Olav, overtok garden etter han. Ingeborg fekk rykka, og var sjuk då ho i 1913 som 39-åring blei gift med enkemann Ola Gundersen Frigstad. Ho fekk ekstreme rykkingar, der alle kroppens musklar arbeidde intenst, og døydde i 1940, 66 år gammal. Ingeborg fekk eit barn som var dødt ved fødselen. Den yngste, Lille-Ola, flytte til Evje, blei gift med Ingrid Evje, og fekk ikkje mindre enn 11 born som vaks opp. Lille-Ola var ikkje berar av Huntingtons chorea.

Med dette har ingen av Gunder Olsens etterkomarar sjukdommen. Men i andre greinar av familien er enno genet aktivt. Dette at på vår gard, Der Oppe på Dovland, har Huntingtons chorea vore der i generasjon etter generasjon, har ingen fortalt oss. Grunnen til det kjem nok av skamkjensle, det skammelege må gøymast og gløymast. For oss i dag er det ikkje noko skam, det fortel oss snarare kor tvers gjennom sterke og tøffe desse tidlegare generasjonane var som, trass den vonde dansen, med optimisme og mot, arbeidde seg fram, slekt etter slekt.